

# JÆRSTRENDENE landskapsvernområde med biotopfredingar og naturminne

● Jærstrendene vart verna etter Naturvernlova, først i 1977 og så revidert i 2003. Samstundes fekk området ei rekke fugle-, plante- og geologifredingar.

● Føremålet med landskapsvernet er å ta vare på det eigenarta natur- og kulturlandskapet på Jærstrendene. Dei ulike strandtypane med dei geologiske, botaniske, zoologiske og kulturhistoriske elementa er med på å gi området sitt særpreg.



● Verneområdet omfattar strand- og kystareal og det meste av skjærgården i kommunane Randaberg, Sola, Klepp og Hå. Området strekkjer seg fra Randabergvika i nord til Sirevåg i sør, med unnatak av kyststrekningen mellom Vistnes i Randaberg til Kolnes i Sola. Området er ca. 70 km langt, og utgjer ca 17 km<sup>2</sup>. Bredda varierer frå 10 til 650 m på det breiaste. Vel 25 km er sanddynekyst, resten er rullestein- eller bergkyst.

● Generelt går verna område ned til 5 m djup, men i to store område er det undersjøiske landskapet verna ned til 20 m djup.

● 8 område er verna med fuglefreding, med internasjonal Ramsar-status.

● 10 område er verna med plantefreding.

● 4 område er verna som geologiske naturminnefredingar.

● Tettleiken og variasjonen av automatisk freda kulturminne er svært stor. Obrestad Hamn og Obrestad Fyr er freda som nyare kulturminne.

## VELKOMEN PÅ STRANDTUR !

Det meste av landskapsvernområdet langs Jærkysten ligg på privat grunn. Her er eit aktivt jordbruk med dyrka mark og gjødsla beite. Dette er innmark der du berre har lov å ferdsle når marka er frosen. Ferdsle langs stranda må derfor skje med omsut og omtanke, slik at du unngår å lage problem for grunneigarar og deira husdyr.

## PÅ JÆRSTRENDENE KAN DU:

● **Gå tur** – men hugs at du er på besøk i eit område som er verna pga stor rikdom av planter og fugl, og eit særpreget kulturlandskap. Følg opparbeidde stiar. Unngå leik og unødig ferdsle i dei sårbare sanddynene.

● **Gå tur med hund** – men hugs at det er bandtvang f.o.m. 1. april t.o.m 20 august i heile området, og heile året i fuglefredingane. Nokre kommunar har strengare reglar.

● **Sykle** – men hald deg til opparbeidde stiar eller turvegar.

● **Ri** – men berre på den vegetasjonslause strandflata, bilvegar og godkjende ridetrasear.

● **Parkèr** på tilrettelagde stader, men ikkje elles i verneområdet eller til ulempe for andre.


● **Plukke blomar** – men ikkje i plantefreda område. Orkidear og andre sjeldne artar er spesielt freda.

*Jærstrendene Protected Landscape Area achieved conservation status in 1977 with the aim of safeguarding a unique natural and cultural landscape that includes distinctive types of coastline. The area includes features of significant geological, botanical, zoological and cultural heritage value. It extends for 70 km from north to south and covers an area of approximately 17 km<sup>2</sup>. Approximately 25 km of its length comprises sandy beaches and dunes, while the remainder consists of coarse pebble beaches and rocky coastline. In addition, 8 areas have been designated as sites for bird conservation, (Ramsar), 10 for botanical conservation, and 4 for geological nature conservation. Large parts of the protected area are private property, but it is permitted to use the beaches for recreational activities such as walking and bathing. Please show due consideration in the area!*

Das Landschaftsschutzgebiet Jærstrendene wurde 1977 unter Schutz gestellt, um eine einzigartige Natur- und Kulturlandschaft mit charakteristischen Strandtypen zu bewahren. Das Gebiet mit einer Nord-Süd-Ausdehnung von ca. 70 km und einer Fläche von ca. 17 km<sup>2</sup> zeichnet sich durch besondere geologische, botanische, zoologische und kulturhistorische Werte aus. Ca. 25 km dieser Küstenlinie umfaßt Sandstrand mit Dünen, der Rest ist Geröll- und Felsküste. Es sind 8 Vogelschutz-, 10 Pflanzenschutz- und 4 Naturschutzgebiete gesondert ausgewiesen. Große Teile des Schutzgebietes sind in Privatbesitz, es ist jedoch gestattet, den Strand für Freizeitaktivitäten wie Wandern und Baden zu benutzen. Verhalten Sie sich bitte rücksichtsvoll!"




Tjelden – kysten sin nasjonalfugl med sine raudfarga knesokkar og nebb.



Fylkesmannen i Rogaland  
MILJØVERNDELINGA  
Statens Hus, Stavanger, tlf. 51 56 89 00



Statens Naturoppsyn  
Tlf. 95 96 72 39



Landskapsvernområde